



Det kjem likevel ikkje noko skrog frå Tyrkia til Eidsvik rundt 20. oktober. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Det 88 meter lange skroget som var under slep frå Tyrkia og som skulle leggja til kai hos Eidsvik Skipsbyggeri i Uskedalen seinare i månaden, har havarert i Tyrkia melder Kvinnheringen. Skroget skal bli til ein supplybåt for rederiet O.H. Meling i Stavanger. No ligg det skada i fjørsteinane i Bosphorusstredet.



[Dette er ei teikning av båten som egentleg skulle ha vore hjå Eidsvik til utrustning i sommar.](#)

Eigentleg skulle skroget vore her i juni, men bedrifta i Tyrkia brukte lenger tid enn berekna. No var det endeleg klart og på veg til Uskedalen for utrustning. Det skulle etter planen ha vore framme her rundt 20. oktober etter ei slepetid på 26 dagar. Ved underteikninga av kontrakta vart det opplyst at ferdig skip skulle leverast til rederiet i mars 2009.

Etter forseinkinga skulle båten sikra dei rundt 60 tilsette full sysselsetting utover vinteren og våren.



Havariet skjedde ved innseglinga til Bosphorus-stredet. Dette er eit satelittfoto av stredet.

Men berre etter eit døger kom slepet i Tyrkia opp i eit frykteleg uver og det enda med at slepebåten måtte kutta slepet og skroget sigla dermed sin eigen sjø. No ligg det i fjøresteinane ved innseglinga til Bosphorusstredet, som er tre mil langt, leiar frå Svartehavet til Marmarahavet og skiljer Europa frå Asia.

- Dette var det vi minst av alt trong no. Telefonen om uhellet var lite kjekk å få, seier dagleg leiar Svein Arne Eidsvik.

Han siktar til den vanskelege økonomiske situasjon som den største bedrifta i Uskedalen har vore oppe i men som no verka ljósare.

Skroget skulle sikra dei tilsette full sysselsetting samt gje sårt tiltrengte kroner til ei bedrift som slit.

På grunn av utsetjinga har Eidsvik i samarbeid med andre bedrifter i Kvinnherad fått leigd ut delar av arbeidsstokken. I tillegg har dei davitproduksjonen. Men skulle det visa seg at det vil gå lang tid før dei får skroget til kai, må Eidsvik jobba for å få noko meir langsiktig arbeid.

Bedrifta har også inngått avtalar med fleire bedrifter som skulle utføra ulike oppdrag på båten når den kom til Uskedalen.

- No treng vi verkeleg "good luck". Hendinga med skroget skapar sjølvstøtt problem for oss, seier Eidsvik.

Han veit ingenting om kva som vil skje vidare. Forsikringselskapet har ansvaret for bergingsarbeidet. Lensinga av skroget er i gang og det vert arbeidd med å få eit oversyn over skadeomfanget.

Førebels er det konstatert at det er slått hol i det og truleg må det tilbake i dokk før eit eventuelt nytt slep kan starta. Situasjonen er uavklara med tanke på vidare framdrift.

Eidsvik har aldri høyrte om liknande uhell med andre av dei mange skroga som er slept til Noreg frå utlandet i dei seinare åra.

Av Ola Matti Mathisen